

Resolusjon nr. 27.

Rogaland Sp krev eit nytt jordvernmål.

Stortinget har vedteke eit mål om å redusera omdisponeringa av dyrka mark til under 4000 dekar årleg innan 2020. Det er no naudsynt å setja eit nytt mål. Nedbygginga av dyrka mark skjer framleis i eit alt for stort omfang.

Rogaland Senterparti krev at eit nytt jordvernmål må setjast til maksimalt 2000 dekar årleg innan 2026. Dette vil vera eit viktig steg mot visjonen om null nedbygging av dyrka mark.

Rogaland Senterparti meiner ein og må finne metodar for å registrera og avgrensa nedbygginga av dyrkbar jord. Det same gjeld jordbruket sitt eige forbruk av matjord til jordbruksformål.

Innsendt fra; Stortingsrepresentant Geir Pollestad

